

Noregs vassdrags- og energidirektorat

27.02.23

Høyringsfråsegn Mauranger 2

Bergen og Hordaland Turlag (BHT) vart grunnlagt i 1890 og er vestlandets største friluftsorganisasjon med nær 30 000 medlemmer. BHT er tilslutta Den Norske Turistforening (DNT) som har over 320 000 medlemmer på nasjonal basis. Turlaget sitt føremål er å tilretteleggja for eit aktivt, allsidig, enkelt og naturvenleg friluftsliv, og for sikring av friluftslivets natur- og kulturgrunnlag.

Tap av natur- og friluftslivsområde

BHT vil understreka den samfunnsøkonomiske nytten i ivaretaking og restaurering av natur i ei tid då tap av natur veks fram som ein verdas hovudutfordringar, og me vil oppmøde NVE til å ta omsyn til intakt natur, naturmangfald og friluftsliv i sine vurderingar.

Rapporten frå FN sitt naturpanel (IPBES)¹ i 2019 syner at me står overfor ei global naturkrise, der arealinngrep og medfølande habitatøydeleggingar har vore den viktigaste drivaren. Det står ikkje betre til i Noreg. Mykje av vår natur alt nedbygd, og mellom anna nyttta til kraftproduksjon og overføring. Dei siste tredve åra har 6 % villmarksprega natur gått tapt på landsbasis, og vi har att berre 11 % natur som ligg meir enn 5 km frå tyngre, tekniske inngrep i landet. I Sør-Noreg har me berre att om lag 5% villmark²

I seinare år har naturen i aukande grad fått anerkjent sin verdi som arena for friluftsliv og turisme. *Stortingsmelding 19 (2016–2017) Opplev Norge – unikt og eventyrlig*³ legg til grunn at: «Natur og utmark er kjernen i det norske reiselivsproduktet. Norges særegne natur gir oss et komparativt fortrinn og et stort potensial for økonomisk verdiskaping og næringsutvikling». Stortingsmelding 18 (2015–2016) – *Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet*⁴ definerer naturoppleving som eit hovudmål for friluftslivet. Naturopplevingar er viktig for den psykiske helsa, noko som gjer friluftslivet, med sin kombinasjon av fysisk aktivitet og naturoppleving, spesielt viktig for folkehelsa. Eit fungerande økosystem med levande skogar, fjell, elvar og vatn er føresetnaden for å skapa gode naturopplevingar. Ivaretaking av natur er difor viktig for å gje grunnlag for eit meiningsfullt friluftsliv, og for at friluftslivet skal ha sin verdi for folkehelsa.

Deltaking i organisert friluftsliv ser også ut til å auke; BHT sin medlemsmasse har gått opp med 50 prosent sidan 2007, og BHT har i dag lokallag i alle kommunar i regionen.

¹ IPBES (2019): Global assessment report on biodiversity and ecosystem services of the Intergovernmental Science-Policy Platform on Biodiversity and Ecosystem Services. E. S. Brondizio, J. Settele, S. Díaz, and H. T. Ngo (editors). IPBES secretariat, Bonn, Germany. 1148 pages. <https://doi.org/10.5281/zenodo.3831673>

² Miljødirektoratet. *Miljøstatus*. <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/tema/naturområder-pa-land/inngrepsfri-natur/>. Lasta ned 27.02.2022.

³ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-20162017/id2543824/>

⁴ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20152016/id2479100/>

Noreg har alt å tena på å ta vare på naturen, og me er forplikta til å motverke naturkrisa. Noreg har nyleg tilslutta seg til ein internasjonal naturavtale⁵, der me har ein tydeleg visjon om 100 prosent berekraftig forvaltning og 30 prosent bevaring av land og hav innan 2030. Dette må følgjast opp i all relevant forvaltningspraksis.

Våre innspel oppsumert

BHT er i utgangspunktet positive til oppgradering av vasskraftverk, då dette kan gje naudsynt kapasitetsauke i energisistema våre med mindre naturinngrep enn ein ser ved nye kraftutbyggingar. Samstundes vurderer me dei konkrete naturinngrepa i alle prosjekt, og vil gje vår uttale med utgangspunkt i eit ynskje om å redusere negative verknader på natur og friluftsliv til det me vurderer som eit akseptabelt nivå. Me vil, med bakgrunn i vår kompetanse, i all hovudsak gje innspel knytt til landskap og til effektar på utøvinga av friluftslivet, men me understrekar at naturopplewinga er knytt til heilskapen av fungerande økosystem, og ber NVE vektlegge omsynet til heile breidda av naturverdiar.

I den konkrete saka ser me at prosjektet kan verte langt meir natur og friluftslivsvenleg dersom ein gjer endringar:

1. Landskapsverknadene frå anleggssarbeid, nye installasjonar og massedeponi må minimerast. Heile planområdet ligg tett på nasjonalparken. Området mellom Markjelke og Hundsøyra er ei viktig ferdselsåre, og ligg så tett på nasjonalparken at landskapsverkander og eventuell støy vil nå innanfor vernegrensa. BHT fråråder alle nye tiltak som reduserer naturopplewingane i dette området.
2. Ein må ikkje skapa nye ferdselshinder som følgje av usikker is på dei vatna som er del av viktige vinterruter:
 - Det må vilkårsfestast tiltak for å sikra eit trygg kryssingspunkt over Midtre Kvitnodalsvatnet. Utan eit slikt tiltak vil ikkje vårskituren mellom Jondal og Rosendal vera mogleg å gjennomføra lengre.
 - Det må vilkårsfestast at svingsjakt for tilløpstunellen med utstrøyming til Bukkaspelvatnet, ikkje skaper utsyn is som vert ferdselshinder, i skiløypa mot Folgefonna/Holmaskjer.
3. Me ber NVE kritisk vurdera alle nye bekkeinntak. Me ber NVE berre gje konsesjon for tiltak der naturinngrep per kWh er forsvarleg i eit område med store friluftslivs-, natur- og landskapsverdiar.
4. Me ber NVE setje vilkår om betre tilrettelegging og tilkomst:
 - Bilvegen frå Nordrepollen til Markjelke må gjerast tilgjengeleg for ordinær biltrafikk, dvs vera brøyta, frå påske kvart enkelt år. Dette for å gjere vårskituren mellom Markjelke og Rosendal tilgjengeleg fleire veker av året.

⁵ <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/verdens-land-samlet-om-en-naturavtale/id2952178/>

- Me ber også NVE setje vilkår om gode parkeringstilhøve ved Markjelke i anleggsperioden, samt å vurdere ei betring av parkeringstilhøve ved tilbakeføring av området.

I tillegg vil me på generelt grunnlag oppmode om å sjå på alle oppgraderingsmogelegeithei – inkludert tiltak som ikkje er direkte lønsame, men som gjev best mogleg energitilgang med lågast mogleg naturinngrep. Naturen har endå ikkje ein pris, og heilsakleg ivaretaking av natur krev gode vurderingar. For ein opplyst offentleg debatt om korleis ein kan få ny fornybar energi med minimalt naturtap, ynskjer BHT at utbyggjar og NVE synleggjer kva det teknisk moglege oppgraderingspotensialet er, og kva som er henta ut⁶.

Friluftsliv og landskapsverdiar i området

Søknad og KU-rapport peiker på viktige landsskaps- og friluftslivsverdiar i området. BHT meiner skildringane i all hovudsak syner kvalitetane i og ved planområdet, men me er redd verdivurderingane og konsekvensgrad ikkje fullt ut representerer områdets verdi for friluftsliv, ei heller konsekvensane for friluftslivet. Inndelingane av friluftslivsområde med verdsetjing A-C baserer seg på ein metodikk og organisering som ikkje gjev heilt konsistente vurderingar på tvers av kommunegrenser. I tillegg kan det heilsaklege blikket på friluftslivsområder fort gå tapt når ein opererer med konsekvensar sett område for område. Verdien av Folgefonna nasjonalpark for friluftslivet, er mellom anna avhengig av dei lange ferdelsårene som gjer at ein kan ferdast frå fjord til fjell gjennom eit storstått landskap med urørt preg og kvalitetar i verdsklasse. Difor må heile området, til ein viss grad, sjåast som ein heilsak, då det berre er slik det vert meiningsfullt for dei vandrande det her er snakk om.

DNT-hytter i området

BHT og Odda/Ullensvang Turlag (eit lokallag i BHT) eig tre hytter rett ved utbyggingsområdet. Hyttene vert nytta som del av turar som vert berørt av dei omsøkte tiltaka. *Fonnabu touristhytte* ligg ved brekanten av Folgefonna. Hytta har plass til 44 overnattingsgjester og er ein ettertrakta stad for breopplevelingar – både brekurs og skiturar over Folgefonna. Fonnabu vart bygd i 1974, og det er Kvinnherad Turlag (KT) som har ansvaret for drifta av Fonnabu. I 2022 hadde Fonnabu 901 overnattingar.

Holmaskjer ligg på et lite skjer stikkande opp av breen på Søre Fonna. Odda Turlag reiste hytta i 1988 i samarbeid med Bergen og Hordaland Turlag. Hytta har plass til 30 gjester.

Breidablikk ligg ein knapp time nordvest for Fonnabu, og er ei lita, ubetent hytte. Breidablikk var ein av mange "kvilehytter" bygd på slutten av 1800-tallet, då turisttrafikken byrja utvikle seg i Hardanger. Dei siste åra har hytta hatt mellom 50 og 100 overnattingar i året.

Friluftslivsaktivitet i området

KT arrangerer ei rekke aktivitetar i området. Dette er utførleg skildra i deira fråsegn, noko som syner området sin verdi for friluftslivet. I tillegg til dette arrangerer BHT fleire turar for medlemer, samt

⁶ Eksempelvis potensial for reduksjonar i falltap.

årlege samlingar for turleiararar, på og ved Fonnabu. Fonnabu og området kring hytta har vidare stor betydning som regionalt fjellsportområde, grunna sin nærleik til isbreen og nasjonalparken. BHT arrangerer årlege brekurs og bresamlingar her.

Som det vert peika på av KT er det også uorganisert friluftsliv knytt til utbyggingsområdet. Det er populært å gå helge-eller dagsturar på ski i den mykje brukte traseen Markjelke - Hardingaskaret/Hundsøyra/Holmaskjer/Fonnabu, der det islagte Bukkaspelvatnet er ei viktig ferdselsåre. Gjennom utbyggingsområdet går også skiruta "Folgefonna på langs" med start ved skisenteret på Folgefonna (Nordbreen/Jondal) og mål i Rosendal eller Blådalsbotnen. Kryssing av det is- og snødekte Midtra Kvitnadalasvatnet er ein del av turen, og naudsynt for å koma vidare frå Nordre Folgefonna til den søre delen.

I området Markjelke - Hardingaskaret/Hundsøyra, Botnabrea og Juklavatnet, ferdast lokale turgrupper og mange einskildpersonar, sommarstid. Kvinnherad Turlag har skilta og merkt ruta Markjelke - Hardingaskaret/Hundsøyra. Den merkte sommarruta Markjelke - Botnabrea er den traseen der turgåarar frå Kvinnherad-sida lettast kjem i nærbane med isen på Folgefonna.

Verknader for landskap og friluftsliv, og framlegg til avbøtande tiltak

BHT nyttar igjen høve til å oppmode om å nytte innspela frå FNF, KT og BHT for å skape ei utbygging med lågast mogleg konsekvens for naturopplevingane og for friluftslivet. I det følgjande vil BHT kommentera det me meiner er dei viktigaste negative verknadene, og skissere moglege avbøtande tiltak.

Landskap

Steindeponiet som er planlagd ved Markjelke, vil ha stor negativ verknad for landskapet ved ein viktig innfallsport til nasjonalparken og området kring. Her er ein mindre enn to kilometer frå nasjonalparkgrensa, og det er fleire turruter som startar her. BHT marknadsfører turforslag inn frå Markjelke inn til nasjonalparken. Randsonane til nasjonalparkane opplever gjerne auka trafikk, og det er ikkje usannsynleg at dette området også vil oppleva auka ferdsle. BHT er uroa for at massedeponiet vil framstå som eit sår i landskapet. Me ber NVE pålegga tiltak som minimerer landskapsverknadene her. Tiltak kan vera såing og god detaljplanlegging av deponiet, samt heilskapleg utforming av eit område med mange og – landskapsmessig – ukoordinerte inngrep⁷. Det må også vurderast alternative lokalitetar for deponi av tunnelmassane. KT har her gjeve konkrete framlegg.

Deponia i Austrepollen vert store inngrep i fjordlandskapet, og BHT ber NVE pålegga tiltak som minimerer landskapsverknadene her.

Ved Floetjørnane er det planlagt terskel og grøft for drenering av vatnet mot Midtra Kvitnadalasvatnet. Det vil vera eit forstyrrende element i eit elles urørt område, som må sjåast i samanheng med nasjonalparken. Naturopplevinga vert forringa, og med ei anslått avrenninga på 126 l/sek meiner BHT overføringa må takast ut av prosjektet. NVE må vurdera kva grad nytten overstig

⁷ Slik det framgår i KU.

ulempene, og synleggjere sine vurderingar. Utan dette inngrepet vil ein i større grad ta vare på det urørte preget som er av betyding for den markedsførte turen til Hundsøyra⁸.

BHT ber også om at overføringa av Insta Bukkaspelsvatnet vert teke ut. NVE må eventuelt setje vilkår for å betre landskapsverknaden frå sperredammen ved utløpet av Insta Bukkaspelsvatnet, då denne vil verka skjemmande i eit område som også ligg langs turen til Hundsøyra, og som i dag ber preg av å vere urørt.

Søknaden legg til grunn at utbygginga gjer at området ved Insta Kvitnadalsvatnet kan takast inn som ein del av Folgefonna nasjonalpark. Dette er positivt for landskaps- og friluftslivsverdiane, og BHT ber utbyggjar/NVE kommentere på den vidare prosessen knytt til denne utvidinga, gjeve den innstillinga NVE landar på.

Ferdsselsårer

Varierande vasstand vinter og vår i Midtra Kvitnadalsvatnet vil skapa problem med usikker is langs land. Dette vil påverke kryssinga av vatnet for skiløparar som går traseen "Folgefonna på langs". Det er vanskeleg å finna alternativ til kryssing av Midtra Kvitnadalsvatnet for denne populære vår-skitur-traseen som kjem ned frå området ved Svartedalshorga og kryssar isen på Midtra Kvitnadalsvatnet. Ein kan sjå av NVE sine bratthetskart på Varsom.no at ruta som vert nytta i dag er om lag einaste moglegheit om ein vil unngå å ferdast i skredterring. BHT meiner NVE berre kan gje konsesjon til regulering av Midtra Kvitnadalsvatn dersom ein gjennom utforminga av tiltaket, eller ved avbøtande tiltak sikrar trygg ferdsle over eller ved Midtra Kvitnadalsvatnet. Vinterferdsle her krev både at vannkanten ikkje består i oppsprukken is, at sjølve isen er trygg å gå på, og at ein kan komme opp og ned til vatnet utanfor skredterring.

Ved Bukkaspelsvatnet skal det etablerast inntak til sjakt for overføring av vatn til tilløpstunnel Mauranger 2. Denne skal og fungera som «svingsjakt» for tilløpstunellen med utstrøyming av opp ot 30 m³/sek til Bukkaspelvatnet. Dette er BHT redd vil påverke isen på vatnet, der skiløypa mot Folgefonna/Holmaskjer går. I tillegg saknar me vurderingar av eventuell støyproblematikk frå utløpet, noko som kan forringa naturopplevingane. BHT meiner som sagt at det ikkje bør gjevast konsesjon til regulering av Bukkaspelsvatnet. Dersom det vert gjeve konsesjon meiner me NVE gjennom vilkår må syta for at svingsjakt for tilløpstunellen med utstrøyming til Bukkaspelvatnet ikkje skaper utrygg is som vert ferdselshinder i skiløypa mot Folgefonna/Holmaskjer.

Bilvegen frå Nordrepollen til Markjelke har i seinare år fått redusert brøyting, noko som har påverka høve for å gjennomføra vårskituren frå Markjelke til Rosendal. I søknaden vert det gjort grundige greie for skredproblematikk og løysingar på dette, og BHT meiner rutinane og dei fysiske tiltaka som vert lagt til grunn for ferdsle i anleggsperioden, også må omfatta allmenn ferdsle etter anleggsperioden. BHT vil at NVE set vilkår om skredsikring og/eller vurderingsrutinar som gjer vegen tilgjengeleg for ordinær biltrafikk, dvs vera brøyta, frå og med påske kvart år. Dette for å gjere vårskituren mellom Markjelke og Rosendal tilgjengeleg fleire veker av året.

Området ved Markjelke – Jukla stasjon er som sagt innfallspunkt til nasjonalparken og eit verdifullt friluftslivsområde. Området er i søknad avsett til rigg og deponeringsområde for anlegget, og BHT er uroa for tilgjengelegeita i anleggsperioden. I tillegg meiner BHT området kan betrast for framtidia

⁸ <https://ut.no/turforslag/1112154421/tursti-til-hundsøra-fra-markjelke-mauranger-kvinnherad>



ved å sikra at ein etterlet seg eit område som framstår som harmonisk, og med nok plass til parkering. BHT ber difor NVE om å setja vilkår om at det i anleggsperioden skal leggast til rette for parkeringsareal tilsvarende dagens situasjon kring Markjelkevatne, og at det vert opparbeida funksjonell parkering for framtida.

Vasskvalitet

BHT meiner det er viktig at den planlagde utbygginga ikkje skadar vasskvaliteten i området, og ber om at det vert gjort vurderingar av kvaliteten på drikkevatnet for turgåarar.

BHT håper NVE vil vektlegga å ivareta natur, landskap og friluftsliv i vurderingane, og me håper direktoratet kan nytte seg av våre innspel for å skapa eit best mogleg vedtak.

Helene Ødven
Dagleg leiar
Bergen og Hordaland Turlag

Elisabeth Skage
Styreleiar
Bergen og Hordaland Turlag

Dag Sandvik
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag